



BYGNINGSVERNKONSULENTORDNINGA I HORDALAND

Evaluering

Siv Leden, Herdis Hølleland og Joar Skrede





Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
 Storgata 2, Postboks 736 Sentrum, 0105 Oslo
 Telefon: 23 35 50 00
www.niku.no

| | | |
|---|--|---|
| Tittel Bygningsvernkonsulentordninga i Hordaland Evaluering | Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 221/2018 | Publiseringsdato [Publiseringsdato] |
| | Prosjektnummer 1021134 | Oppdragstidspunkt juni 2017 – mai 2018 |
| | Framsidedeilete Same dør, før og etter istandsetting. Foto: bygningsvern- konsulent Bjørn Arve Lunde, Sunnhordland museum. | |
| Forfatar(ar) Siv Leden, Herdis Hølleland og Joar Skrede | Sider 38 | Tilgjenge Open |
| | Avdeling Bygning | |

| |
|---|
| Prosjektleder Siv Leden |
| Prosjektmedarbeidar(ar) Herdis Hølleland, Joar Skrede, Knut Fageraas |
| Kvalitetssikrar Annika Haugen |

| |
|---|
| Oppdragsgjever(ar) Hordaland fylkeskommune |
|---|

| |
|---|
| <p>Samandrag NIKU har gjort ei evaluering av bygningsvernkonsulentordninga i Hordaland på grunnlag av skriftleg kjeldemateriale, intervju med bygningsvernkonsulentane og ei spørjeundersøking til huseigarar, handverkarar, musea og kommunane i fylket. Ordninga med bygningsvernkonsulentar er god, og konsulentane spelar ei viktig rolle. Dei arbeider opp mot mange ulike målgrupper og leverer tenester det er stor etterspurnad etter. Bygningsvernkonsulentordninga er eit lågterskeltilbod for huseigarar og fungerer godt som det. Ho erstattar ikkje arbeid i kommunane eller i fylket, men er eit verdifullt tillegg. Det er derfor viktig å behalde ordninga. Samstundes trengst det fleire konsulentar: både i dei områda i Hordaland som i dag står utanfor ordninga, og i dei områda som allereie har stor etterspurnad etter tenestene som konsulentane tilbyr. I og med at dette er arbeid som blir utført med offentlege midlar, bør ein kunne forvente meir systematikk i arbeidet – ei einskapleg ordning – samt likehandsaming av huseigarar i alle delar av fylket. Det er såleis behov for harmonisering og standardisering av ordninga.</p> |
|---|

| |
|---|
| Emneord Evaluering, bygningsvernkonsulent, bygningsvern, Hordaland |
|---|

Avdelingsleder

Annika Haugen

Forord

Denne rapporten er utarbeidd av NIKU ved Siv Leden (prosjektleder), Herdis Hølleland og Joar Skrede på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune hausten 2017 – våren 2018. Kontaktpersonar i fylkeskommunen har vore Tor Andreas Titlestad og Inger Lena Gåsemyr.

Innhald

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Innleiing | 7 |
| 1.1 | Avgrensing av evalueringa | 7 |
| 1.2 | Kort om viktige omgrep | 7 |
| 1.3 | Strukturen til evalueringsrapporten | 8 |
| 2 | Kjeldemateriale og metode | 9 |
| 2.1 | Skriftleg kjeldemateriale | 9 |
| 2.2 | Intervju med bygningsvernkonsulentane | 9 |
| 2.3 | Spørjeundersøkingar for kartlegging av brukaropplevingar | 9 |
| 2.4 | Oppsummering | 10 |
| 3 | Bakgrunn for ordninga | 11 |
| 3.1 | Fylkeskommunen sine forventingar til ordninga | 11 |
| 3.2 | Oppsummering | 13 |
| 4 | Dei ulike aktørane i bygningsvernkonsulentordninga | 14 |
| 4.1 | Offentlege aktørar | 15 |
| 4.2 | Private aktørar | 18 |
| 5 | Finansiering av stillingane | 19 |
| 5.1 | Utfordringar ved finansieringa av stillingane | 20 |
| 5.2 | Økonomisk vinst for musea | 20 |
| 6 | Arbeidsoppgåver og oppdragstypar for bygningsvernkonsulentane | 21 |
| 6.1 | Eit mangfald av arbeidsoppgåver | 21 |
| 6.2 | Rasjonale bak og tilbodet til eksterne aktørar | 22 |
| 6.3 | Oppdrag knytte til istandsetting av bygningar (i privat eige) | 24 |
| 6.4 | Prioritering av oppdrag | 24 |
| 6.5 | Sakshandsamings- og rapporteringsrutinar | 25 |
| 6.6 | Fagnettverk for bygningsvernkonsulentane | 27 |
| 6.7 | Ulike kommunale føresetnadar for oppdrag | 27 |
| 7 | Opplevingar frå brukarar og samarbeidspartnarar | 29 |
| 7.1 | Bygningsvernkonsulentordninga frå eit musealt perspektiv | 29 |
| 7.2 | Bygningsvernordninga frå eit kommunalt perspektiv | 29 |
| 7.3 | Handverkarar om samarbeidet | 30 |
| 7.4 | Opplevingar frå private huseigarar | 30 |
| 7.5 | Oppsummering | 30 |
| 8 | Evaluering og vegen vidare | 31 |
| 8.1 | Styrker og moglegheiter – samfunnsnytte | 31 |
| 8.2 | Utfordringar | 32 |
| 8.3 | Tiltak for å styrkje og harmonisere ordninga | 33 |
| 9 | Konklusjon | 35 |
| | Appendiks | 36 |
| | Oversikt over intervju | 36 |
| | Spørsmålssliste som utgangspunkt for intervju | 36 |

1 Innleiing

Bygningsverntenesta i Hordaland har utvikla seg frå 1990-talet og frametter med hovudformål å styrkje bygningsvernet i fylket ved å vidareutvikle musea som lokale kompetansemiljø. Det er i dag fleire ulike modellar med omsyn til oppgåver og finansiering. Fylkeskommunen ser difor behov for å harmonisere ordninga slik at føresetnad om kommunal medverknad vert gjort etter same praksis, og slik at kommunane og innbyggjarane får same tilbod. I tillegg ønskjer fylkeskommunen å sjå korleis ein kan styrke samfunnsnytta ved ordninga ytterlegare.

NIKU har fått i oppdrag av Hordland fylkeskommune å evaluere bygningsvernordninga i fylket. Fylkeskommunen ønskjer å få utgreidd følgjande hovudpunkt:

- Gjennomgang av ordninga, fagleg, økonomisk og organisatorisk
- Kvantitativ og kvalitativ undersøking av oppdragsmengd og oppdragstype utført av bygningsvernkonsulentane i løpet av dei siste 5 åra
- Spørjeundersøking/kartlegging av brukaropplevingar blant nøkkelpersonar i kommunane, musea og lokale samarbeidspartnarar
- Dybdeintervju med bygningsvernkonsulentane
- Harmonisering av ordninga med tanke på størst mogeleg samfunnsnytta
- Gjennomgang av kommunikasjons- og rapporteringsrutinar med forslag til optimalisering og standardisering

1.1 Avgrensing av evalueringa

Bygningsvernordninga omfattar i dag konsulentar ved Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum. I tillegg til desse inkluderer evalueringa også Museum Vest som hadde konsulent som prøveordning i 2013-16.

Bygningsvernkonsulentane har arbeidsoppgåver både for musea som har arbeidsgjeveransvaret, og for fylkeskommune, kommunar og privatpersonar. Denne evalueringa tek føre seg det arbeidet som konsulentane utfører utanfor museet samt arbeid som er gjort i museumsregi, men som er retta mot andre brukargrupper enn museet, slik som til dømes kurs og formidling. Musea har til dels store bygningssamlingar, og ivaretaking av desse er ein viktig del av jobben for fleire av bygningsvernkonsulentane. Dette arbeidet er likevel ikkje omfatta av denne evalueringa.

1.2 Kort om viktige omgrep

Når vi nyttar omgrepet *region* siktar vi i denne rapporten til dei ulike museumsregionane innanfor Hordaland fylke, jf. dei områda som bygningsvernkonsulentane har som geografisk arbeidsområde. Det vil seie at Stord kommune fell inn under museumsregionen Sunnhordland museum.

Eit av ynskja til fylkeskommunen er å styrkje *samfunnsnytta* ved ordninga. Forståinga av omgrepet tek utgangspunkt i fylkeskommunen sin *Regional kulturplan for Hordaland* som nyttar ei brei, snarare enn ei snever økonomisk forståing. I *Regional kulturplan for Hordaland* operer ein med kultur som «ein grunnleggande premiss for alle samfunnsutviklinga og spenner frå danning og utdanning til næring, stadutvikling og miljø».¹ Kulturminnevernet er ein sentral del av kulturplanen, og bygningsvernordninga ein viktig bidragsytar til både utdanning gjennom kurs og utretta aktivitetar, til næring

¹ Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Hordaland fylkeskommune, side 6.

gjennom sysselsetting av handverkarar og til stadutvikling og miljø ved istandsetting av bygningar. Omgrepet samfunnsnytte femner alt dette.

1.3 Struktura til evalueringsrapporten

Evalueringa er gjort på grunnlag av skriftlege kjelder, samt intervju og spørjeundersøking som er gjort greie for i kapittel 2, med tilhøyrande vedlegg i appendiks. I kapittel 3 følger ein kort gjennomgang av den historiske bakgrunnen til ordninga og ein presentasjon av innhaldet i dei avtalene mellom musea og fylket som ligg til grunn for bygningskonsulentordninga. Kapittel 4 gjer greie for dei ulike aktørane som er involvert i ordninga. I kapittel 5 blir det gjort greie for korleis ordninga er og har vore finansiert, og utfordringar ved finansieringsmodellane blir drøfta. Desse to kapitla beskriv såleis dei førande rammene for ordninga. Kapittel 6 gjev oversikt over kva arbeidsoppgåver og oppdragstypar bygningsvernkonsulentane har, samt korleis konsulentane balanserer og prioriterer mellom desse. Kapittel 7 tek utgangspunkt i spørjeundersøkinga og drøftar korleis brukarar opplever ordninga. I kapittel 8 blir ordninga med bygningsvernkonsulentar evaluert og vegen vidare skissert, før erfaringane og anbefalingane blir samanfatta i kapittel 9. Diverse oversikter, skjema med meir ligg som vedlegg bak i rapporten.

2 Kjeldemateriale og metode

I evalueringa er det nytta fleire kjelder og metodar for å kartleggje bygningsvernordninga frå ulike hald. Det har vore vektlagt å skaffe oversikt over det formelle grunnlaget for ordninga, samanlikne kva dei respektive konsulentane vektlegg, og danne eit bilete av korleis ordninga blir opplevd av ulike brukarar.

2.1 Skriftleg kjeldemateriale

Hordaland fylkeskommune har samla inn ymse dokument og arkivmateriale frå dei ulike musea/bygningsvernkonsulentane, og har gjort dette tilgjengeleg for NIKU. Materialet inkluderer samarbeidsavtalar, kontraktar, tildelingsbrev samt eksterne og institusjonane sine egne evalueringar av ordningane.

2.2 Intervju med bygningsvernkonsulentane

I oktober 2017 gjennomførte NIKU intervju på om lag to timar med kvar av konsulentane. Intervjua gjekk føre seg i Bergen i samband med halvvegsmøtet med fylkeskommunen, der NIKU også hadde samtalar med tilsette i fylkeskommunen, presenterte arbeidet så langt og diskuterte vidare opplegg (sjå appendiks for intervjuguide).

Intervjua vart haldne som førebudde intervju med faste tema, men som likevel gav høve til fordjuping i saker informantane var opptekne av. NIKU tok notat under intervjua. Ved gjennomgang og samanlikning av intervjumaterialet i etterkant, såg vi at det var behov for supplerande informasjon. Det vart difor sendt ut individuelt utforma spørjelister til kvar av konsulentane for eit meir heilskapleg bilete. Uttaler frå intervjua og materialet som er kome inn skriftleg, er presenterte i rapporten som våre tolkingar av det som er kome fram.

2.3 Spørjeundersøkingar for kartlegging av brukaropplevingar

For å kartlegge kva for kontakt dei ulike aktørane har med konsulentane, korleis dei opplever ordninga og kva som eventuelt kan forbeholdast, har det vore sendt ut digitale spørjeundersøkingar. Ei undersøking har gått til tilsette i kommunane, leiarar i musea, handverkarar og huseigarar som er eller har vore i kontakt med bygningsvernkonsulentane. Ei anna har vore sendt til kommunetilsette i kommunar som fell utanfor ordninga. Konsulentane har bidrege med kontaktinformasjon til huseigarar og handverkarar medan NIKU har identifisert tilsette i musea og kommunane. Undersøkinga har gått til øvste leiar på musea og til kultursjefar/kulturkonsulentar i kommunane.

Spørjeskjemaet har bestått av ein kombinasjon av opne og lukka spørsmål. Ettersom evaluering er kvalitativ i natur, har vi lagt vekt på å ha ei hovudvekt av opne spørsmål der respondentar skildrar erfaringar med egne ord i ein kommentarboks. Totalt sett gir undersøkinga ei oversikt over korleis ordninga fungerer som heilskap, men for å få fange opp variasjonar har ein operert med «museumsregion» som analytisk eining. Det vil seie at dei ulike respondentane soknar til ein museumsregion; tilsette i til dømes Stord kommune soknar til Sunnhordaland museumsregion.

Alle undersøkingane er designa ved hjelp av det digitale verktøyet «Survey Monkey» og vart distribuerte via personleg e-post til aktuelle informantar. Respondentperioden var frå 29. januar til 25. februar 2018. Det vart purra ein gong på begge undersøkingar. Innspel til informantar (huseigarar og handverkarar) som vart innsendt etter dette vart ikkje del av undersøkinga. Totalt var undersøkinga sendt til 32 tilsette i kommunar og musea som er tilknytt ordninga. Det kom inn 18 svar

og av dei var 17 fullstendige – noko som gjer ein responsrate på 53 %. Undersøkinga vart også sendt til seks handverkarar og sju huseigarar. Svarprosenten var på 33 % for handverkarar og 42 % for huseigarar. Undersøkinga til kommunetilsette utanfor ordninga vart sendt ut til seks personar med ein responsrate på 33%.

2.4 Oppsummering

Kombinasjonen av fleire kjelder er avgjerande for å gi eit overordna bilete av ordninga. I nokre tilfelle vil ulike kjelder nyttast til å belyse same tematikk. Til tross for at evalueringa inkluderer eit mangfald av kjelder, er ein likevel i stor grad prisgitt eksterne partar. Skeivt tilfang av informasjon ved at nokre regionar har gitt eit breiare datagrunnlag å arbeide utifrå, kan føre til ulikskapar. Medan dei fleste museumsregionane er godt dekte av alle typar materiale, skil Bymuseet i Bergen seg ut; her har det vore vanskeleg å få respondentar til å svare på spørjeundersøkinga.

3 Bakgrunn for ordninga

Bygningsvernkonsulentordninga er ei vidareføring av eit treårig prøveprosjekt med utplassering av bygningsvernkompetanse ved tre av musea i Hordaland. Hordaland fylkeskommune tok initiativ til prøveprosjektet som starta opp i 2000-2001. Målet med prosjektet var å vidareutvikle musea som kunnskaps- og kompetansemiljø samt gjere lokalmiljøa i stand til å utføre nye oppgåver.² Stillingane vart lagde til Hardanger folkemuseum (no Hardanger og Voss museum³), Sunnhordland museum og Gamle Bergen museum (no ein del av Bymuseet i Bergen⁴) som alle hadde store bygningsksamlingar.

I 2003 fekk fylkeskommunen støtte frå Riksantikvaren for å evaluere prøveprosjektet. Kutschera Kulturhistoriske Tjenester gjennomførte evalueringa. I evalueringa kom det fram at sjølv om bygningsverntenesta hadde vore ulikt utført på dei tre musea, hadde ho vore vellukka og hadde styrkt det regionale kulturminnevernet: Konsulenttenesta hadde tilført ny kompetanse til musea, auka musea si moglegheit til å drive utretta rådgjeving og dermed gjort musea og bygningsvernet meir synleg i regionane. Kutschera Kulturhistoriske Tjenester konkluderte difor med at tenesta burde bli permanent. Vidare vart det argumentert for at ordninga ville ha stor overføringsverdi til andre museum og fylke.⁵

I etterkant av evalueringa har tenesta vorte utvida i Hordaland. I 2005 inngjekk fylkeskommunen avtale om rådgjevingsteneste for faste kulturminne med Museumssenteret i Salhus (no Museumssenteret i Hordaland). Denne stillinga vart oppretta saman med ei rådgjevarstilling som skulle tene kommunane i regionen i museumsfaglege spørsmål.

Museum Vest fekk bygningsvernkonsulent som ei forsøksordning i 2013-2016. Til forskjell frå dei fire fyrste, kom stillinga ved Museum Vest på initiativ frå fylkeskommunen og IKKUS (Interkommunalt kultursamarbeid i Region Vest), som utarbeidde ei samarbeidsavtale med Museum Vest der bygningsvernkonsulenten vart tilsett. Ordninga vart ikkje vidareført då prøveperioden var over i 2016.

I dag (2018) omfattar bygningsvernordninga konsulentar ved Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, Museumssenteret i Hordaland og Sunnhordland museum.

3.1 Fylkeskommunen sine forventingar til ordninga

I samband med at dei ulike bygningsvernkonsulentstillingane vart oppretta, vart det inngått avtaler mellom fylkeskommunen og musea. Eit fellestrekk ved alle avtalane er at bygningsvernkonsulentane skulle dele tida si mellom musea og andre brukarar i dei kommunane som soknar til museet (for detaljar, sjå kapittel 4).

Fordelingsnøkkelen er noko ulik for dei einskilde musea. Felles for dei fire fyrste avtalene er at mellom 50-60 % av arbeidstida skulle nyttast til museet og bygningane der, medan resten skulle nyttast til fylket og til privatpersonar i dei kommunane bygningsvernkonsulenten hadde ansvar for.

² *Bygningsverntenesta ved musea. Evaluering og vidareføring av bygningsvernkompetansen på tre distriktsmuseum i Hordaland.* Evaluering gjennomført av Kutschera Kulturhistoriske Tjenester i desember 2003.

³ I 2006 vart Hardanger folkemuseum konsolidert med andre museum i regionen og fekk namnet Hardanger og Voss Museum.

⁴ Gamle Bergen museum vart konsolidert inn i Bymuseet i 2005.

⁵ *Bygningsverntenesta ved musea. Evaluering og vidareføring av bygningsvernkompetansen på tre distriktsmuseum i Hordaland.* Evaluering gjennomført av Kutschera Kulturhistoriske Tjenester i desember 2003.

Modellen for Museum Vest var annleis: Museum Vest var arbeidsgjevar, men 80 % av arbeidstida skulle brukast på kommunane og berre 20 % til museet (sjå tabell 1 for detaljar).

Avtalane omtalar den eksterne konsulenttenesta som ligg i stillinga: Konsulentane skal bidra med antikvarisk rådgjeving til kommunar, fylkeskommunen og privatpersonar. For privatpersonar og privatorganisasjonar skal dei også hjelpe til med rettleiing for å søkje midlar til istandsetting av bygg. Vidare inngår deltaking i nettverk for bygningsvernkonsulentane (sjå tabell 1 for detaljar).

Tabell 1. Oversikt over bygningsvernkonsulenten sine oppgåver ved musea, dei avtalefesta oppgåvene samt andre utførte oppgåver.

| Museum | Avtalefesta oppgåver for fylket |
|--------------------------|---|
| Hardanger og Voss Museum | <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeiding av kulturminnefaglege fråsegner i Hardangerregionen etter oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. • Antikvarisk rådgjeving i regionen. • Antikvarisk vedlikehald ved museumsbygningar i regionen. • Oppfølging av istandsetjing av verneverdige bygg med offentlege midlar, dvs. midlar frå Hordaland fylkeskommune og landbruksmidlar (etter nærare avtale med landbrukskontora i kommunane). • Dokumentasjon av verneverdige bygg som må rivast i regionen – for oppbevaring i museumsarkiva. • Hjelp og rettleiing av private med omsyn til søknad om offentlege midlar til istandsetjing av verneverdige bygningar. <p>(Frå avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Hardanger Museum 1999)</p> |
| Sunnhordland museum | <ul style="list-style-type: none"> • Rettleiing i bygningsvernsaker som omfattar: <ul style="list-style-type: none"> - Kulturminnefaglege fråsegner - Antikvarisk rådgiving - Freding og vernespørsmål • Ansvar for å gjennomføra formidlingsprosjekt og -aktivitetar i ved Sunnhordaland museum • Ansvar for brann- og sikringsplan på alle museets tun og anlegg, og dagleg oppfølging i samarbeid med driftsleiar <p>(Frå stillingsskildring til bygningsvernkonsulent ved Sunnhordaland museum)</p> |
| Bymuseet i Bergen | <ul style="list-style-type: none"> • Deltaking i fylkeskommunalt nettverk innan bygningsvern og bygningshandverk • Antikvarisk rettleiing til private og organisasjonar i regionen vedkommande vern og vedlikehald av faste kulturminne. • Gi informasjon om tilskot til istandsetjing av faste kulturminne og rettleiing i utforming av slike søknader. • Utarbeiding av kulturminnefaglege fråsegner etter oppdrag frå Hordaland fylkeskommune <p>(Frå avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bymuseet i Bergen 2007)</p> |


| | |
|-----------------------------|---|
| Museumssenteret i Hordaland | <ul style="list-style-type: none"> • Utarbeiding av kulturminnefaglege fråsegner etter oppdrag frå Hordaland fylkeskommune • Deltaking i fylkeskommunalt nettverk innan bygningsvern og bygningshandverk • Antikvarisk rettleiing til private og organisasjonar i regionen vedkomande arbeid med restaurering og tilrettelegging av faste kulturminne • Informasjon om tilskot til istandsetjing av faste kulturminne og rettleiing i utforming av slike søknader. <p>(Frå avtala med Hordaland fylkeskommune og Museumssenteret i Salhus 2005)</p> |
| Museum Vest | <p>Har ikkje motteke skriftleg avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Museum Vest</p> <p>Forventning frå Hordaland fylkeskommune: styrke kommunane sitt arbeid med kulturminne – gjere kommunane betre i stand til å behandle kulturminnesaker (kjelde: intervju med tilsett ved Museum Vest)</p> |

3.2 Oppsummering

Som gjennomgangen over syner, har bygningsvernkonsulentordninga utvikla seg over tid. Dette er reflektert i dei organisatoriske modellane og forventingane dei ulike partane har hatt til ordninga: Medan avtalane med bygningsvernkonsulentane ved Museumssenteret i Hordaland, Hardanger museum og Bymuseet i Bergen vektlegg arbeidet mot *eigarar av verneverdige bygningar* i kombinasjon med arbeid med bygningar ved eigne institusjonar, vart det føreset at stillinga ved Museum Vest skulle vere ei teneste for å styrkje kulturminnearbeidet i *kommunane*. Tilbodet til kommunar er dermed ulikt og er eit resultat av at ordninga har kome til over tid og at føresetnadene er endra. I neste kapittel viser vi korleis bygningsvernkonsulentane står i relasjon til ulike aktørar. Dette gir eit bilete av kompleksiteten i ordninga.

4 Dei ulike aktørane i bygningsvernkonsulentordninga

Bygningsvernkonsulentordninga er ein del av eit komplekst kulturminnefagleg landskap. Musea der bygningsvernkonsulentane er tilsette, ligg under Kulturdepartementet (med Kulturrådet som underliggjande direktorat). Samstundes er mykje av arbeidet som blir utført, knytt til lovverk (kulturminnelova og plan- og bygningslova) som fell under Klima- og miljødepartementet (med Riksantikvaren som direktorat) og under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Arbeidet vert utført i samarbeid med handverkarar på oppdrag frå fylkeskommunen, kommunar og privatpersonar i tillegg til for museet, medan støtte til arbeidet forutan frå museet, kjem frå fylkeskommunen, Riksantikvaren og støtteordningar som til dømes Kulturminnefondet, SMIL-midlar og Uni-stiftinga. I tillegg driv konsulentane utretta verksemd mot skular, lag og ålmenta samt arrangerer kurs for til dømes handverkarar. Aktørkartet under illustrerer mangfaldet av aktørar som konsulentane samarbeider med.



Figur 1. Aktørkart over dei viktigaste nasjonale, regionale og private aktørane som set premiss for og/eller er i kontakt med bygningsvernkonsulentane. KUD = Kulturdepartementet KLD = Klima- og miljødepartementet HFK = Hordaland fylkeskommune.

Kapittelet skildrar dei ulike rollene og relasjonane mellom aktørane. Først er dei viktigaste offentlege aktørane – musea, fylkeskommunen og kommunane – gjort greie for. Deretter følgjer ein gjennomgang av dei private aktørane.

4.1 Offentlege aktørar

4.1.1 Museumsvesenet

Bygningsvernkonsulentane er eller har vore tilsette i dei konsoliderte musea i Hordaland: Sunnhordland Museum, Hardanger og Voss museum, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland samt Museum Vest. Som kartet under syner, har musea fleire mindre einingar, og bygningsmassen som musea forvaltar, er ofte spreidd på fleire stader og i ulike kommunar. Det vert utover dette vise til Museumsloftet.



Figur 2. Kartet syner ei oversikt over museum i Hordaland som får statsstøtte via Kulturdepartementet.⁶

Bygningsvernkonsulentane tener dei fleste kommunane som fell innfor ein gitt museumsregion. Kartet og oversikta på neste side syner kva museum som har eller har hatt konsulentar, og kva kommunar dei dekkjer eller har dekt. Kommunane Os, Fusa, Samnanger, Osterøy, Vaksdal og Voss har stått og står utanfor ordninga per i dag (2018). Sund, Fjell, Askøy, og Øygarden har hatt ein kortare periode med ordninga i 2013-2016, men står i dag utanfor.

⁶ Kjelde: <http://www.kulturradet.no/museumsutvikling/vis-artikkel/-/fakta-museum-museene-i-norge>

- **Museumssenteret i Hordaland**
Fedje, Masfjorden, Modalen, Austrheim, Meland, Lindås, Radøy
- **Museum Vest**
Askøy, Fjell, Sund, Øygarden
- **Bymuseet i Bergen**
Bergen
- **Hardanger og Voss museum**
Granvin, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Jondal, Odda, Ullensvang
- **Sunnhordland Museum**
Stord, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Kvinnherad, Etne, Bømlo, Sveio



Figur 3. Oversikt over kommunar som fell under dei ulike musea.


Ved oppretting av bygningsvernkonsulentstillingane vart det søkt etter sivilarkitektar. Som tabellen nedanfor viser, er konsulentane tilsette i ulike stillingstypar og på ulik stad i dei respektive museumsorganisasjonane. Ved to av musea er konsulentane tilsette i leiarstillingar, medan dei to andre er fagtilsette. Ved dei fire musea som framleis har ordninga, er konsulentane fast tilsette.

| Museum | Organisering | Fagbakgrunn |
|-----------------------------|--|--|
| Hardanger og Voss Museum | Fast stilling, leiar for bygningsvern-avdeling | Sivilarkitekt, målarmeister |
| Sunnhordland museum | Fast stilling, har administrativt ansvar for vedlikehald av museumsbygningar | Sivilarkitekt, meisterbrev som tømrrar, teater-/dramabakgrunn |
| Bymuseet i Bergen | Fast stilling, tilsett ved Drift- og bygningsvern-avdelinga | Kunsthistorikar med tilleggstudanning i byplan, arkitekturteori og -historie |
| Museumssenteret i Hordaland | Fast stilling, leiar for bygningsvern-avdeling | Sivilarkitekt, fagbrev som trebåtbygger, tømrrar og anleggsgartnar |
| Museum Vest | Prosjektstilling, direkte underlagt direktør med rapportering til direktør. | Sivilarkitekt |

Tabell 2. Oversikt over type stilling og fagbakgrunn konsulentane har.

4.1.2 Fylkeskommunen

I fylkeskommunen følger Fylkeskonservatoren opp ordninga. Faggruppene for Bygningsvern/fartøyvern og Plan i Hordaland fylkeskommune har eit tett samarbeid med bygningsvernkonsulentane. For fylkeskommunen fungerer konsulentane som ei forlenga arm: Bygningsvernkonsulentane dreg på synfaringar, skaffar faktagrunnlag og skriv rapportar på oppdrag frå fylkeskommunen som bakgrunn for sakshandsaminga til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har vore sentral i opprettinga og oppfølginga av det faglege nettverket for bygningsvernkonsulentane.



Figur 4. Organisasjonskart Hordaland fylkeskommune

4.1.3 Kommunane

Kommunane har ei rekkje ansvars- og arbeidsoppgåver som i større og mindre grad omfattar kulturminnevern generelt og bygningsvern spesielt:

- Planarbeid: Kommunale planar, inkl. kulturminneplan, kartfesting/registrering av kulturminne.
- Byggesak: Sakshandsaming knytt til riving, endring/ombygging eller istandsetting av eksisterande bygningar. Meldeplikt for bygningar eldre enn 1850.
- Kultur- og kulturvernarbeid knytt til så vel materiell som immateriell kulturarv. Dette arbeidet er gjerne retta mot til dømes skular, foreiningsliv, sogelag.
- Landbruk og miljø: Støtteordningar for miljøtiltak i landbruket, til dømes til istandsetting av eldre, verneverdige landbruksbygg
- Næringsutvikling knytt til reiseliv, handverksbedrifter eller anna verksemd.

Ei utfordring for mange små kommunar er fråvær av kulturminnekompetanse i administrasjonen. Dette gjeld også for fleire av kommunane i Hordaland, og bygningsvernkonsulentane er difor ein viktig støttespelar i den kommunale kulturminneforvaltninga, men dei er ikkje sakshandsamarar. Konsulentane er sentrale ressurspersonar i byggje- og plansaker der dei dreg på synfaringar og gir kommunen faglege råd. Vidare er dei til dømes med som saksførebuande ledd i arbeidet med å utvikle kulturminneplanar, eller rådgje i søknadshandsaming om økonomisk tilskot til landbruksbygningar.

4.1.4 Undervisningssektoren

Pensum for grunnskulane femner emne som lokalhistorie, kulturarv, byggjeskikk og arkitektur. Undervisningstilbod blir gjeve mellom anna gjennom ordninga Den kulturelle skulesekken. Vidaregåande skular har fagutdanning for tømrrarar og andre handverksfag. Universitet og høgskular har studieretningar innan fag som arkitektur, bygningsvern, kulturarv/kulturminneforvaltning og historie. Bygningsvernkonsulentane er knytte til rådgjeving på fleire nivå og på ulike måter. Ein kan sjå for seg ei potensiell utvikling der bygningsvernkonsulentane kan ta meir aktiv del i undervisninga. Dette vil krevje styrking av ressursar.

4.2 Private aktørar

I tillegg til dei offentlege organisasjonane som er skildra over, er fleire private aktørar i kontakt med konsulentane: handverkarar, huseigarar, næringsliv/reiseliv og ålmenta.

4.2.1 Huseigarar

Rådgjeving og hjelp til huseigarar står sentralt i arbeidet til bygningsvernkonsulentane og var eit utgangspunkt for at ordninga vart oppretta. Konsulentane gjev råd, hjelper til med søknader mellom anna til Kulturminnefondet, og følgjer eventuelt opp restaurering og istandsetting av bygg. Dette er saker der huseigarane sjølve tek kontakt med konsulentane for å få hjelp – i motsetnad til rivesøknader som kjem inn via kommunen, og der huseigarar i utgangspunktet ikkje ynskjer bevaring.

Den typiske klienten er ein privatperson som har arva eit eldre hus og vil bu der med familie og barn, men som ynskjer å sette i stand, etterisolere, skifte vindauge og modernisere kjøken/bad. Dette er folk som ser verdien i huset og ynskjer å ta vare på kvalitetane. I desse sakene er eigarane positive og interesserte, og desse sakene er derfor enklare å handtera enn dei som startar med ynskje om riving som utgangspunkt. Når nokon har fått hjelp, spreier ordet seg: «*Det trengst ingen tv-reklame for å skaffe oppdrag*», som ein av konsulentane seier.

4.2.2 Handverkarar

Sjølvstendig næringsdrivande handverkarar i dei ulike museumsregionane utfører oppdrag for private og offentlege huseigarar. I ein del saker følgjer bygningsvernkonsulentane opp istandsettingsarbeidet på byggeplass og gir råd. Dette er ein del av museet sitt samfunnsoppdrag. Som ledd i å auke bygningsvernkompetansen blant handverkarar, arrangerer fleire av bygningsvernkonsulentane samlingar og kurs, til dømes i handverksteknikkar og materialkunnskap. Handverkarar kan difor kome i kontakt med bygningsvernkonsulentane både gjennom konkrete oppdrag og gjennom kurs.

4.2.3 Næringsliv / reiseliv

Ivaretaking av kulturhistoriske verdiar og opplevingskvalitetar ved kulturlandskap og bygningsmiljø vil kunne styrkje regionen som attraktivt reisemål og vera viktig for reiselivet i regionen. Fleire av bygningsvernkonsulentane arbeider med å sjå moglegheiter, inspirera til og bidra til å verkeleggjera istandsetting av eldre bygg og at desse blir tekne i bruk, til glede og nytte for næringslivet i regionen.

4.2.4 Ålmenta

Også ålmenta/lokalsamfunnet vil ha ei generell interesse i bygningsvern-/kulturarvspørsmål. Dei eldre husa er ein viktig del av identiteten og historia til stadane, dei er ein del av omgjevnadene og er med på å danne rammer om kvardagslivet til folk. Dette handlar også om kjensle av å høyre til. Formidling av kunnskap til ålmenta skapar interesse og kan bidra til trivsel og auka livskvalitet.

5 Finansiering av stillingane

Dei første tre stillingane som vart oppretta, skulle vera tilnærma fullfinansierte med tilskot frå Hordaland fylkeskommune.⁷ Fordi bidrag frå fylket ikkje har vore indeksjustert, er ingen av stillingane fullfinansierte av fylkeskommunen i dag. Musea dekkjer reisekostnader knytte til synfaringar. Dette er ein ikkje ubetydeleg kostnad for musea som tener større distrikt og fleire kommunar.

For dei eldste stillingane oppretta på 1990-tallet vart det føresett samfinansiering frå private eigarar. Denne finansieringsmodellen vart fasa ut. Dette vart endra med prøveordninga for konsulenttenesta hjå Museum Vest der ordninga vart fullfinansiert av eksterne partar – fylkeskommunen, fylkesmannen og kommunane. Kommunar i Hardanger og Nord-Hordaland bidreg indirekte til ordninga ved at dei betalar eit generelt bidrag til museet.

Tabell 3. Oversikt over finansiering av bygningsvernkonsulentordninga på dei ulike musea.

| Museum | Verksam når | Finansiering | Reisekostnader |
|------------------------------|------------------|---|--|
| Hardanger og Voss Museum | (1997-) 2000- | 2017: 65 % frå Hordaland fylkeskommune (kr 465.000) ⁸ | Må dekkjast av museet. Ca. kr. 15.000 årleg |
| Sunnhordland museum | (1991-) 2001- | 2017A: 71 % frå Hordaland fylkeskommune (kr 483.600) ⁹ til fast bygningsvernkonsulent | Må dekkjast av museet. Har svært mykje reiser i jobben. Ca. kr. 50 000 årleg |
| Bymuseet i Bergen | 2000- | 2017: 42 % frå Hordaland fylkeskommune (kr 342.200) ¹⁰ | Må dekkjast av museet. Men ettersom reiser er avgrensa til Bergen kommune, er det i praksis ingen kostnader. Nettverkskostnader har vore dekt privat. Ca. kr. 0 årleg |
| Museums-senteret i Hordaland | 2006- | 2018: Ikkje kjend prosentdel frå Hordaland fylkeskommune (kr 491.000) ¹¹ Kommunane i regionen betalar til saman for eitt årsverk fordelt på to stillingar. For dette kan kommunane velje mellom ulike tenester som museet tilbyr. Gratis teneste for huseigarar. | Må dekkjast av museet. Ca. kr. 72 000 årleg |

⁷ I 2000 var løyvinga pr. stilling kr. 300.000 og i 2001 vart løyvinga auka til 350.000 pr. stilling. Dette har auka jamt og pr. 2017 er løyvinga til Hardanger og Voss Museum på 490.000 for bygningsvernkonsulentstillinga.

⁸ Tall frå brev Hardanger folkemuseum til NIKU, datert 21.3.2018.

⁹ Tall henta frå tildelingsbrev. Prosent basert på e-post frå Sunnhordaland Museum, datert 8.2.2018.

¹⁰ Tall henta frå e-postkorrespondanse frå Bymuseet i Bergen, datert 20.10.2017.

¹¹ Tall henta frå e-post korrespondanse med Museums-senteret i Hordaland datert 12.2.2018.

| | | | |
|-------------|---------|--|--------------------------------|
| | | Deltaking i internasjonale prosjekt (EØS-samarbeid) har gjeve museet økonomisk støtte. | |
| Museum Vest | 2013-16 | 40 % frå Hordaland fylkeskommune (beløp i kr manglar) ¹² 55 % frå Fylkesmannen i Hordaland 5 % frå dei fire kommunane samla | Informasjon manglar frå museet |

5.1 Utfordringar ved finansieringa av stillingane

Ei utfordring for alle musea er trong museumsøkonomi og at det fylkeskommunale tilskotet i fråværet av prisregulering i praksis har vorte mindre. Med få unntak tek musea ikkje betalt for tenestene dei yter. Så langt er det berre Museumssenteret i Hordaland som har satt klare grensar for kva som vert gjort gratis for private aktørar, og kva kommunane må betale for.

Trass i at bygningsvernordninga fyller eit kommunalt behov, er det vanskeleg for mange kommunar å bidra økonomisk grunna trong økonomi. Erfaringane frå Museum Vest tyder på at det lettare oppstår konflikter knytte til prioritering av arbeidsoppgåver når kommunane betalar inn. Dette er ein av grunnane til at fleire av konsulentane ved dei andre musea er skeptiske til kommunal finansiering. Her spelar også faglege omsyn inn. Dersom kommunar betalar inn, er det ei viss uro for at kommunane vil styre ressursbruken og kva saker som skal prioriterast. Det kan påverke den fridomen konsulentane har, og sannsynlegvis må ha, gitt at dei skal utføre arbeid med stor samfunnsnytte for eit breidt spekter av aktørar i regionane i eit langsiktig perspektiv. Dersom betalingsvilje skal avgjere kva saker bygningsvernkonsulenten skal engasjere seg i, kan det gå ut over vernet av den kulturhistoriske bygningsarven. Kven som vil betale og kva kommunane er opptekne av på kort sikt, vil ikkje alltid vera samanfallande med kva som har høgst verdi, og kva som vil styrkje og tene samfunnet på sikt.

5.2 Økonomisk vinst for musea

I tillegg til å sikre tilskot til bygningar i privat eige i regionane bidreg konsulentane til økonomisk vinst for musea ved å søkje om og få tilsegn frå ulike støtteordningar til museumsbygningar. Det kan også vera indirekte økonomisk vinst ved at dei bidreg med arkitekturkompetanse til musea og kan planlegge, søkje om og vera rådgjever ved byggetiltak som museet har behov for, og slik halde nede kostnadene.

¹² Prosent henta frå Evaluering av bygningsvernkonsulentordninga i region Vest. Museum Vest 05.09.2016.

6 Arbeidsoppgåver og oppdragstypar for bygningsvernkonsulentane

Kapitla over har gjeve oversikt over avtalar og finansielle rammer for stillingane. I det følgjande blir det gjort nærare greie for mangfaldet av arbeidsoppgåver konsulentane har, og korleis dei handterer forventingane frå dei ulike aktørane. Arbeidsoppgåver betyr i denne samanheng hovudsakleg dei oppgåvene som ligg nedfelt i stillingsinstruksen, medan oppdragstypar hovudsakleg referer til oppdrag som kjem inn eksternt.

6.1 Eit mangfald av arbeidsoppgåver

Tabell 3 gjev oversikt over dei arbeidsoppgåvene konsulentane utfører, basert på informasjon frå konsulentane.

Tabell 4. Oversikt over ulike oppgåver bygningskonsulentane utfører.

| Museum | Oppgåver utført av bygningsvernkonsulent |
|--------------------------|---|
| Hardanger og Voss Museum | <p>Oppdrag for privatpersonar, kommunar og fylkeskommunen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Synfaringar og rapportar til søknader: <ol style="list-style-type: none"> a) om riving av verneverdig bygg b) om ombygging/påbygging/tilbygg og restaurering c) om tilskot til freda og verneverdige bygningar • Oppfølging av bygningar som vert restaurerte • Arbeid med kulturminneplanar og reguleringsplanar • Vurdering av prioritering av tilskot frå SMIL-midlar • Korte oppdrag/kommunikasjon via e-post og telefon <p>Arbeid internt i museet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dagleg ansvar for bygningsmassen ved museet • Rådgeving omkring restaurering for dei andre avdelingane ved museet • Laga restaureringsplanar for museet • Søkje tilskot • Sette i gang forskings- og dokumentasjonsprosjekt • Arrangere formidling og kurs i bygningsvern med særleg fokus på handboren kunnskap og handverkstradisjonar • Tett kontakt med handverkarane på museet |
| Sunnhordland museum | <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminnefaglege fråsegner • Antikvarisk rådgeving • Gjennomgang av museumsbygg • Tilskot prosjekt, freda og verneverdige bygningar • Undervising (grunnskule, vidaregåande, yrkesskule, lærarskule, arkitektskule) • Formidling (dramatisering av kulturhistoria, fotosamling og bibliotek) • Kommunikasjon (avis, TV, radio, internett, m.v.) |
| Bymuseet i Bergen | <ul style="list-style-type: none"> • Rådgeving til private huseigarar, hjelper eigarar (både dei som eig freda og ikkje-freda hus) til å søkje økonomisk tilskot frå ulike stønadsordningar. • Arbeider på alle avdelingar i bymuseet, dispensasjonssaker, brannsikring, arkiv • Avtalefesta at museet berre skal ha éin kommune: Bergen. |

| | |
|-----------------------------|--|
| Museumssenteret i Hordaland | <p>Oppdrag for museet, privatpersonar, kommunar – i alt 60 %, og for fylkeskommunen – 40 % av tida:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Synfaringar og rapportar til søknader: <ol style="list-style-type: none"> a) om riving av verneverdige bygningar b) ombygging/påbygging/tilbygg og restaurering c) om tilskot til freda og verneverdige bygningar • Oppfølging av bygningar som vert restaurerte • Internasjonalt arbeid gjennom «Carpenters without borders», mellom anna i Frankrike og Kina • Deltaking i internasjonale prosjekt (EØS-samarbeid) som har gjeve økonomisk støtte • Varierer noko frå år til år kor mykje tid som brukast i felt for kommunar og privatpersonar versus for museet. |
|-----------------------------|--|

Som det går fram av tabellen, er arbeidet som blir utført, i tråd med intensjonane fylket hadde ved opprettinga av stillingane. Ettersom den fylkeskommunale delen av stillingane berre utgjer om lag halvparten av stillinga, har konsulentane ei rekkje andre oppgåver både på museet og retta mot eksterne brukar og ålmenta. Korleis resten av stillinga vert fylt, har i stor grad vore opp til musea og dei som er tilsette i stillingane å avgjere. Stillingane har dermed vore utforma i tråd med kompetansen til dei einskilde konsulentane. **Det gjer at stillingane skil seg frå eit museum til eit anna.** Den utretta verksemda varierer også mellom musea. Medan eit par av konsulentane har satsa på å arrangere kurs i handboren kunnskap retta mot handverkarar, har ein av konsulentane arbeidd vidt med mange former for kommunikasjon, inkludert teater og dramatisering.

6.2 Rasjonale bak og tilbodet til eksterne aktørar

Som tabell 4 syner tilbyr konsulentane ein rekkje forskjellige gratistenester for aktørar utanfor museet, men kva tilbod som verte gjeve, avheng av den individuelle tilpassinga i stillingane. Det er brei semje om kvifor tilbodet til dei eksterne aktørane utanfor museet er viktig.

Fleire av bygningsvernkonsulentane oppgir at kompetanseoppbygging innan bygningsvern i regionen er eit mål. Bygningsvernkonsulentane inngår i undervisningsopplegg for skular, kurs og opplæring av handverkarar i tradisjonelle handverksteknikkar og istandsetting etter antikvariske prinsipp.

Vidare er haldningsskapande arbeid ei viktig side ved verksemda, og noko fleire av bygningsvernkonsulentane dreg fram i intervju som eit suksesskriterium. Som ein av dei seier: *Denne regionen var eit kvitt felt på museumskartet og det var ei smålåten haldning der folk uttrykte at «vi har vel ikkje nokre kulturminne», men etter at vi har hatt fokus på mellom anna grindbygg, jordkjellarar og torvhus – vi har sett i stand slike hus og skapt blest om dei – merkjer eg ei haldningsendring hjå folk. Det er større medvit om og stoltheit over eigen historie.*

Ei viktig påverking ligg i å syne til konkrete resultat: *«Det at folk ser at det er mogleg å få det til, er til inspirasjon for andre.»* Fleire av konsulentane kommenterer at våningshusa stort sett blir tekne vare på, medan uthusa forsvinn fordi dei er gått ut av bruk. Å lyfte fram verdien ved desse, peike på dei, sørge for at dei blir sette i stand og finne (ny) bruk for dei, er eit viktig arbeidsfelt.

Medan eit par av konsulentane eksplisitt seier at dei ikkje går inn i saker anna enn på oppfordring frå folk og at dei prioriterer folk som er interesserte i utgangspunktet, understrekar ein annan kor viktig

det er å koma tidleg inn i saker før folk har gjort seg opp ei meining, og at «småprat rundt i kring i forbifarten» kan vera gull verdt. Dette kan vera invitasjonar til at folk seinare tek kontakt. Slik sett er det å vekke interesse ved generell historieformidling, ei anna side av det haldningsskapande arbeidet. Ein av konsulentane er særleg aktiv på dette feltet. «*Når folk blir interesserte, tek dei vare på kulturminna sine*».

Andre påpeikar at dette er ei utfordring og seier at det «*kunne vore gjort meir formidling for å auke medvitsnivået når det gjeld kulturminna*». Samarbeidet med musea gjer at det ligg godt til rette for å kople arbeidet mot formidling i museumsregi.

Tabell 5. Oversikt over tilbud til eksterne brukarar.

| Museum | Tilbod |
|-----------------------------|---|
| Hardanger og Voss Museum | <p>Til eigarar: Inntil 30 timar (eit vekeverk) per tiltak</p> <p>Gratis kurs i handverksteknikkar, 3-4 dagar, to gonger årleg, retta mot handverkarar i distriktet (maks ti personar per kurs). Museumsbygningar blir nytta som kursarena. Dette er ein vinn-vinn-situasjon, der handverkarane får opplæring, medan museet får utført vedlikehald og istandsetting av bygningar.</p> <p>Odda og Ullensvang kommunar får hjelp til å vurdere og prioritere SMIL-søknader</p> |
| Sunnhordland museum | <p>Bruker i utgangspunktet eitt dagsverk per prosjekt. Vurderer kva prosjekt går tyngst inn i, prioriterer til dømes kulturmiljø og dei sakene som vil kunne gje synergieffektar, gje auka livskvalitet og skape aktivitet og opplevingar.</p> <p>Variert formidling av kulturhistorie til ålmenta – alt frå teater til YouTube.</p> <p>Kontakt med Landbrukskontoret i samband med KAIA- og SMIL-midlar.</p> |
| Bymuseet i Bergen | <p>Rådgjeving til private eigarar</p> <p>Kurs for friviljuge, veneforeiningar med vidare.</p> <p>Samlingar for handverkarar om faglege spørsmål.</p> <p>Bistand til Hordaland fylkeskommune i arbeidet med å fordele midlar (Vern og vøl, Riksantikvaren sine midlar, verdsarvmidlar til Bryggen).</p> <p>Formidling mot vidaregåande skule og arkitektstudentar.</p> |
| Museumssenteret i Hordaland | <p>Rådgjeving til private eigarar, oppfølging av istandsettingsarbeid</p> <p>Arbeid med kommunale kulturminneplanar</p> |

| | |
|-------------|---|
| | Bistand til fylket om tildeling av tilskotsmidlar frå Riksantikvaren og dendrodatering av bygningar |
| Museum Vest | Rådgeving til private eigarar Rådgeving til kommunane |

6.3 Oppdrag knytte til istandsetting av bygningar (i privat eige)

Ettersom ei viktig side ved verksemda til konsulentane er rådgeving og hjelp til søknadsutforming for private eigarar, er det av interesse å sjå kva utslag det kan ha hatt for tilsegner frå støtteordningar som Kulturminnefondet, Riksantikvaren sine støtteordningar (post 72, Statsbudsjettet), «Vern og vøl», Sparebankstiftinga, Uni-stiftinga, Hardanger Kulturvern osv. Alle konsulentane oppgir at det er eit mål at arbeidet gjev utteljing i kroner og øre slik at kulturminne blir tekne vare på og sette i stand. Det har ikkje vore råd å gå nærare inn på dette innfor rammene til denne evalueringa.

6.4 Prioritering av oppdrag

Alle konsulentane oppgir at det er store etterslep innan bygningsvernet. Oppdragsmengda er større enn kva som er mogleg å gjennomføre, og det må gjerast harde prioriteringar.

Dei respektive konsulentane oppgir at dei prioriterer slik:

| Museum | Prioritering |
|-----------------------------|---|
| Hardanger og Voss Museum | Vel å støtte dei eigarane som er interesserte og som vil bidra sjølve – jobbar ikkje med å overtale folk som eigentleg ikkje vil. Set opp ventelister, må seie nei til nokon. Gjer prioriteringar for ikkje å bombardere fylket med søknader. Tek alltid rivesaker. |
| Sunnhordland museum | Saker som kjem inn frå fylkeskommunen blir prioritert fyrst. Ei saksgang som dreg ut i tid kan vera ein medverkande årsak til at byggherre/eigar/utbyggjar får ei negativ haldning til dei kulturminnevernet. Bygningar som ikkje er nemnde i kulturminneplan el.l. blir prioriterte: desse står i fare for å bli oversett. Planar prioriterer ofte større bygningsmiljø, medan dei «eineståande» bygga som også kan ha høg verdi, går under radaren. Desse bygningane som korkje er freda eller verna er derfor dei viktigaste sakene å gå inn. Det er eit poeng at ein ikkje berre tek saker som er vorte «ei sak», må ta alt mogleg småtteri, og det er avgjerande å kome inn tidleg før folk har gjort seg opp ei meinig. I byggjesaker: viktig å gå inn i detaljane, for der ligg stilen, materialane, kvaliteten, handverket. |
| Bymuseet i Bergen | Museet har laga verksemdsplan der tiltak på museumsbygningar er sett opp og prioriterte. Tilstandsregistrering til Askeladden. Hastesaker fordi noko skjer, t.d. akutt skade fordi tre blæs over ende i uvær. |
| Museumssenteret i Hordaland | Hjelp til private eigarar med hus på rot. To ulike museumsdirektørar har støtta dette. Når det gjeld uthus/utløer: prioriterer tiltak i område der folk ferdast, arbeider med formidling / informasjon til publikum – størst mogleg samfunnsnytte. |

| | |
|-------------|--|
| | Prøver å fordele geografisk; har til dømes brukt ekstra tid på å laga teikningar for gjenoppbygging etter brann for eit hus i Austrheim kommune der konsulenten elles har hatt få oppdrag. |
| Museum Vest | Ukjent. |

6.5 Sakshandsamings- og rapporteringsrutinar

I tabellen under fortel konsulentane korleis saker kjem inn til bygningsvernkonsulentane, samt korleis det blir rapportert. Der informasjonen er mangelfull, skuldast det manglande attendemeldingar, men oversikta gjev likevel eit innblikk i mangfaldet som pregar sakshandsamings- og rapporteringsrutinar.

Dei respektive konsulentane oppgir at dei prioriterer slik:

| Museum | Saksgang |
|-----------------------------|--|
| Hardanger og Voss Museum | Kommunane er ikkje involverte. Begynte med å levere rapportar til Hordaland fylkeskommune, men leverer no kortare punkt-/tabelliste. Leverer skriftleg kvart år. Rapporterer også til museet. Kommunane får ingen rapport og har heller ikkje bede om det. |
| Sunnhordland museum | Ynskjer at kontakt med privatpersonar er formalisert og ikkje går direkte, men via kommunane. Bygningsvernkonsulenten sender kopi av alle brev han skriv til kommunane. Dette er viktig også for å synleggjera arbeidet. Kommunane (landbruks-/kulturkontor) tek kontakt med bygningsvernkonsulenten. Plan- og bygningsetat sender til kulturkontoret som vidare sender saker. No nyttar kommunane bygningsvernkonsulenten direkte i staden for at sakene går til fylket. Legitimerer stillinga ved fortløpande rapportering. Også telefonkontakt, småprat rundt omkring, rådgjeving i farten – dette blir ikkje rapportert. Årsmelding til museumsstyret er viktige dokument. Bygningsvernkonsulenten er nøgd med jamn kontakt med Hordaland fylkeskommune. |
| Bymuseet i Bergen | Saker startar gjerne med ein telefon frå privatpersonar « <i>Eg har fått meg eit gammalt hus...</i> ». Rapporterer ikkje til fylkeskommunen. Skriv innspel til årsmeldinga for museet. |
| Museumssenteret i Hordaland | Fordel at stillinga er fleksibel. Minst 25% av tida skal ikkje vera planlagt, men disponibel for å kunne rykke ut på kort varsel. Har laga skjema for kostnadsoverslag av istandsettingstiltak. Kommunane etterlyser info om kva oppdrag bygningsvernkonsulenten er involvert i. Kunne gjerne vore meir formalisert kontakt med kommunane. Kunne vore kvartalsvis rapportering til kommunane, på same måte som til styret i museet? Dei kommunale kulturkonsulentane tek kontakt i samband med arbeid med kulturminneplanar. Privatpersonar tek kontakt sjølv. Dette er saker der folk tek kontakt fordi dei er interesserte. Sakshandsamar i fylket tek kontakt for å få utført tilstandsvurdering mv. Dette er oftast konfliktsaker. |

| | |
|-------------|--|
| | |
| Museum Vest | Ukjent. Kultursjefane i kommunane var kontaktpersonar. |

6.6 Fagnettverk for bygningsvernkonsulentane

Dei fyrste åra etter at ordninga var starta opp, tok fylkeskommunen initiativ til nettverkssamlingar for bygningsvernkonsulentane eit par gonger i året. Samlingane vart haldne i regionane hjå konsulentane etter tur, og konsulentane hadde felles synfaringar der dei drøfta ulike problemstillingar.

Etter kvart endra desse nettverksmøta karakter. Frå å vere samlingar berre for bygningsvern-konsulentane, bestemte fylkeskommunen at også sakshandsamarane i fylket skulle delta. Dermed fekk møta eit anna format – meir formelt, større og dyrare. Det vart tyngre å organisere, og møta vart sjeldnare.

Konsulentane er samstemde i at det er dei andre bygningsvernkonsulentane som er dei næraste kollegaane, og at det burde vera fleire samlingspunkt mellom dei. Møta som vart haldne i det vesle formatet med berre bygningsvernkonsulentane, utan fylkeskonservatorens stab, gav friare samtaler og meir praktisk nytte enn dei meir omfattande møta.

Dei siste fire-fem åra har det ikkje vore samlingar for bygningsvernkonsulentane. Såleis var det ingen samlingar i perioden 2013-16 då Museum Vest hadde si forsøksordning, og bygningsvernkonsulenten som var tilsett her, hadde lite eller ingen kontakt med dei andre konsulentane i fylket.

6.7 Ulike kommunale føresetnadar for oppdrag

Bygningsvernkonsulentane påpeiker at det er skilnader mellom regionane. Midtre del av Hordaland står per 2018 utanfor bygningsvernkonsulentordninga. Dette gjeld kommunane Os, Fusa, Samnanger, Osterøy, Vaksdal og Voss. I nokre av kommunane – til dømes Osterøy og Vaksdal – har fylkeskommunen eller bygningsvernkonsulenten likevel gjort arbeid. Fylkeskommunen seier at dei kan be bygningsvernkonsulenten gjere arbeid i desse kommunane, men at kommunen ikkje kan tinge tenester frå konsulentane fordi dei ikkje betalar inn til bygningsvernkonsulentordninga. Slik ordninga er i dag, uttrykkjer dei fire konsulentane som er tilsette i ordninga, at det ikkje er kapasitet til å ta fleire oppdrag: Ein bør ikkje utvide ordninga til å gjelde fleire kommunar utan at ho blir auka med fleire konsulentar.

Vidare er det ulikskap mellom regionane med tanke på om kommunane har kulturminneplan eller ikkje, samt skilnader mellom bykommunar med byantikvar og landkommunar utan antikvar-kompetanse. Bymuseet i Bergen har ingen saker om riving av eldre bygningar i Bergen kommune. Det er Byantikvaren som tar slike saker, ikkje bygningsvernkonsulenten. Ombygging og formelle avgjerder må folk ta med Byantikvaren, medan bygningsvernkonsulenten kan gje råd, til dømes om gruer, tapet, fargar, tak eller arkar. Byantikvaren hadde rettleiingstimar for huseigarar før, men det har dei ikkje lenger. Dette forsvann for nokre år sidan då kommunen ville leggje ned etaten. I staden viser kommunen til bygningsvernkonsulenten. Bygningsvernkonsulenten ved Bymuseet er tydeleg på at arbeidsområdet er Bergen og at det bør opprettast eigen stilling for dei kommunane som står utanfor ordninga per i dag.

I Hardanger er det berre Odda kommune som har kulturminneplan, medan Ullensvang er i ferd med å utarbeide ein. I Nordhordland er fleire kommunar i gong med å lage slike planar. Fylkeskommunen har ynskt å etablere ei bygningsvernkonsulentstilling på Voss der det er svært mange eldre og verneverdige bygningar. Mange er SEFRAK-registrerte, og av desse er eit stort tal meldepliktige ved riving/ombygging. Bygningsvernseieret på Voss har vist interesse for å få stillinga til seg. Museet meiner at stillinga bør knyttast til Hardanger og Voss museum. Rundt år 2000 fekk Voss folkemuseum

tilbod om 50 % finansiering av bygningsvernkonsulentstilling frå fylkeskommunen, men museet takka nei. I diskusjonen som går no (2018) har fylkeskommunen kravd at kommunen skal bidra med 50 % av finansieringa. Dette er kommunen ikkje viljug til.

7 Opplevingar frå brukarar og samarbeidspartnarar

For å kartleggje korleis nøkkelorganisasjonar og brukarar opplever bygningsvernkonsulentordninga, har NIKU gjennomført ei digital undersøking hjå tilsette i musea og kommunar, og hjå handverkarar og private eigarar. Hovudfunna er presenterte under.

7.1 Bygningsvernkonsulentordninga frå eit musealt perspektiv

Spørjeundersøkinga viser at fleirtalet av musea er godt til særst godt nøgd med ordninga. Leiarane ved musea opplever ordninga som velfungerande og vektlegg at konsulentane har vore eit særst viktig tillegg til museet. Dei bidreg med viktig kompetanse som har gjeve musea eit fagleg løft innanfor bygningsvernet – på musea og i regionen. Internt på musea bidreg konsulentane med auka kompetanse til bevaring av bygningsmassen musea har ansvar for. Den utretta komponenten i stillinga gjer at musea kan fungere som eit tilgjengeleg og relevant kompetansemiljø for folk i regionen. Dermed gjer stillingane musea betre i stand til å utøve sitt samfunnsoppdrag og fungerer omdømebyggjande for musea.

Det er stor grad av koherens mellom kva bygningsvernkonsulentane sjølve oppfattar som deira arbeidsoppgåver, og kva leiarane ved musea vektlegg. Frå eit overordna museumsorganisasjonsperspektiv er det likevel nokre utfordringar forbunde med at bygningsvernkonsulentane skal tene både museet og eksterne brukarar. Det gjeld særleg at tida ikkje alltid strekk til. Eit par påpeiker at det kan vere utfordringar forbunde med uklare forventningar og rolleavklaringar. Fleirtalet meiner likevel at ordninga fungerer godt frå eit overordna museumsorganisasjonsperspektiv og at det først og fremst er bygningsvernkonsulentane som eventuelt føler på utfordringane forbunde med mange ulike brukarar.

Alle musea ser behovet og nytta av stillinga og ynskjer ei styrking av ordninga inn i ein ny regionstruktur. I tillegg til å sikre ei stabil finansiering av ordninga, påpeiker fleire av leiarane ved musea at det vil vere avgjerande å få til eit velfungerande nettverk for ordninga ved overgangen til ein ny Vestlandsregion.

7.2 Bygningsvernordninga frå eit kommunalt perspektiv

Alle kommunane som framleis er del av ordninga, er nøgde til særst godt nøgde med ho. Dei vektlegg at dei set stor pris på ordninga og meiner dei har stort utbytte av å ta del i ho. Det er særleg fagkompetansen til bygningsvernkonsulentane som blir vektlagt og blir sett som svært viktig å ha tilgang til i dei tilfella der kommunen ikkje sjølv har slik kompetanse. Frå eit kommunalt perspektiv opplever ein ikkje at det er særlege utfordringar ved at bygningsvernkonsulentane tener fleire partar. Dei utfordringane som blir trekte fram, er knapp tid og tidvis at konsulentane sjølve opplever å bli sitjande på «fleire sider av bordet».

Kommunane som var del av prøveordninga hos Museum Vest, skil seg sterkt frå dei meir etablerte ordningane ved at dei var særst misnøgdde med ordninga. Her opplevde alle kommunane at det var utfordringar knytte til at bygningsvernkonsulentane skulle tene fleire brukarar, og det er semje om at museet nytta konsulentane meir enn det som var avtalt. Til skilnad frå fleirtalet av kommunane som soknar til dei fire andre museumsregionane, betalte kommunane som soknar til Museum Vest for tenesta. Dette ser ut til å ha forsterka misnøya i kommunane ved at ein ikkje opplever at ein har fått igjen for det ein har betalt for.

Ser ein samla på forbetringspotensial, ser likevel alle kommunane behovet for tenesta. Vidare er det eit ynskje blant fleire kommunar om å auke kapasiteten slik at ein i større grad kan få bistand til praktisk restaurering og vedlikehaldsarbeid. For dei fire museumsregionane som i dag er del av ordninga, er kommunane stort sett godt nøgde med å ha stillinga på musea, sjølv om nokre peiker på at det er behov for klårare retningslinjer for kommunal bruk av tenesta. For kommunane som soknar til Museum Vest, er det derimot eit ynskje om at bygningsvernkonsulenten, ved ei gjenoppliving av ordninga, skal liggje under fylkeskommunen. Samla sett vitnar attendemeldingane frå spørjeundersøkinga om at ein med fordel kan ha klårare retningslinjer for kommunal bruk av stillingane og at dette blir viktigare ved overgangen til nye regionar.

7.3 Handverkarar om samarbeidet

Materialet frå spørjeundersøkinga er for lite til å trekkje absolutte konklusjonar, men dei få svara som er komne inn, viser at handverkarane i ulik grad er i kontakt med konsulentane frå kvar veke til nokre gonger i halvåret. Dei samarbeider om istandsetjing av bygningar, det vere seg dokumentasjon, faglege vurderingar, økonomi og synfaring av bygg. Samarbeidet blir opplevd som svært positivt og det blir vektlagt at samarbeidet ofte er avgjerande for eit godt resultat. Handverkarane peiker også på at sjølv om bygningsvernkonsulentane først og fremst er svært viktige for huseigarar, er dei også svært nyttige for handverkarane og ikkje minst avgjerande for bevaring av bygningar i regionane. Sjølv om dei er særst nøgde med ordninga, er det eit ynskje om at ordninga blir utvida til 100 %-stilling. I nokre tilfelle er det behov for auka satsing på registrering og prioritering av kva som er viktigast å ta vare på.

7.4 Opplevingar frå private huseigarar

Av dei som har svart på spørjeundersøkinga, har alle vore i kontakt med konsulentane om restaureringsarbeid og vurderingar knytt til restaurering. Fleire har kome i kontakt med konsulentane etter kontakt med fylkeskommunen og kommunen. Dei har fått hjelp til utforming av søknadar og er nøgde både med den praktiske hjelpa og søknadshjelpa som har resultert i økonomisk støtte til restaurering. Som ein av huseigarane seier: «*Konsulenten er oppmuntrande med støtte til bevaring av bustad som andre meiner bør rivast*» – noko som viser verdien av arbeidet. Huseigarane opplever bygningsvernkonsulentane som ei god støtte i prosjekt dei opplever som krevjande, og uttrykkjer ynskje om at ordninga skal halde fram.

7.5 Oppsummering

Fleire aktørar peiker på at den auka innsatsen for bygningsvernet i regionane har sjølvforsterkande effekt; gjennom aktiv hjelp til søknadsskriving er stadig fleire verneverdige bygningar vorte sette i stand. Etter kvart har også talet på igangsettingsprosjekt der konsulentane ikkje er direkte involverte, auka. Bygningsvernkonsulentordninga bidreg difor med ein synergieffekt som sikrar at ein større del av den kulturhistoriske bygningsmassen vert sett i stand. Derfor er det eit sterkt ynskje blant alle aktørar at ordninga bør utvidast.

8 Evaluering og vegen vidare

På bakgrunn av det innsamla datamaterialet, vil vi i dette kapitelet identifisere styrker og svakheiter ved bygningsvernkonsulentordninga slik ho fungerer i dag.

8.1 Styrker og moglegheiter – samfunnsnytte

Ordninga med bygningsvernkonsulentar er god, og konsulentane spelar ei viktig rolle. Dei arbeider opp mot mange ulike målgrupper og leverer tenester det er eit sterkt behov for. Det er stor etterspurnad etter kompetansen deira. Det ligg såleis eit stort potensial i å utvide ordninga til å dekkje heile fylket.

Kulturminnevern har betydning for samfunnet, og eit statleg mål¹³ er å hindre tap av verneverdige bygningar. «*Vi må ta vare på kulturminna, elles er vi eit fattig folk*», som ein av bygningsvern-konsulentane seier. For å lukkast med å bevare bygningar, er det særskild viktig med ein interessert, positiv og kunnskapsrik eigar. Bygningsvern-konsulentane bidreg til å motivere eigarar, syne dei potensialet som ligg i dei gamle bygningane og lyfte eigarane sin kompetanse. Haldningsskapande arbeid i kommunane og i ålmenta er også viktig. «*Ein viktig del av jobben er å ta både eigaren og kulturminnet på alvor, inspirera til å ta vare på verdiane og sjå etter løysingar – til glede for eigaren sjølv og ålmenta*», som ein av konsulentane seier.

I distrikta, der det er små tilhøve, saknar kommunane kulturminnefagleg kompetanse, samstundes som kommunen er tett på den som ynskjer å rive. Politisk handsaming i små kommunar der dei folkevalde kjenner innbyggjarane personleg, kan føre til at kortsiktige ynskje her og nå vinn over langsiktige omsyn som kulturminnevernet. Det kan vere lettare med nøytrale vurderingar ved større avstand, samstundes som kulturminnefagleg utsegner gjerne får større tyngd når dei kjem utanfrå.

Kort samanfatta kan vi seie at styrken ved bygningsvern-konsulentordninga er at ho bidreg til at:

- Bygningar blir sette i stand på ein kulturminnefagleg god måte
- Interesse og engasjement for bygningsvern veks og verkar haldningsskapande
- Det blir bygt kompetanse hjå handverkarar i regionen og i kommunane
- Private eigarar (så vel som musea) har fått tilslag på søknader om økonomisk tilskot, og dermed at bygningar blir sette i stand og bevarte

Det bygningsvern-konsulentane sjølve oppgir at dei er mest nøgde med, er:

- Haldningsskapande arbeid, «*å snu folk*»: når ein eigar bestemmer seg for å sette i stand og ta ein bygning i bruk i staden for å rive han.
- Dei konkrete istandsettingane som gjer at bygningar som elles ville gått tapt, får ny bruk: «*Det viktigaste er ikkje å restaurere bygningane, men at det blir liv i dei att. Det er det som gir jobben mening. At nokon har levebrødet sitt der.*»
- Positive attendemeldingar frå kommunane som vektlegg at ordninga bidreg til å synleggjere kva som er spesielt med historia i kommunen, velje ut det autentiske, og gi opplevingar som kan brukast av reiselivet til å marknadsføre kommunen.
- At ein generer arbeidsplassar.
- Kompetanseheving blant handverkarar og huseigarar med kurs i ulike handverksteknikkar.

¹³ Dette er uttrykt mellom anna i Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner.

- Kompetanseheving i kommunane.

Bygningsvernkonsulentane ser eit potensiale i at stillingane blir lyfte ved at ordninga blir betre kjent både i Hordaland og på landsbasis, og ynskjer at det blir oppretta fleire bygningsvernkonsulentstillingar. Mange kommunar ynskjer seg dette på heiltid. Det er stor etterspurnad etter tenesta, og behov for fleire konsulentar.

8.2 utfordringar

Den største svakheita ved ordninga er at ho ikkje dekkjer heile fylket og er ulikt organisert, noko som fører til ulik tilgang til konsulentbistand i dei ulike kommunane. Basert på intervju med bygningsvernkonsulentane og gjennomgang av datamateriale, har vi identifisert utfordringar ein kan møte i stillinga:

8.2.1 Komplekst kompetansebehov

Arbeidet krev bygningskompetanse på eit akademisk nivå, og fleire av bygningsvernkonsulentane er sivilarkitektar. Arkitektkompetanse er ein fordel fordi arkitektar er vane til å kommunisere med handverkarar og arrangere byggemøte etc. Dei kan også lage reguleringsplan og byggjeteikningar for musea, noko museet har spart mykje pengar på. Stillingane krev mange slags kompetanse: akademisk, praktisk, sosialt, kompetanse innan forvaltning og økonomi, samt evne til å engasjere og inspirere. Personleg dugleik er viktig og ein må kunne kommunisere med folk og by på seg sjølv. Det kan vere ei utfordring å rekruttere folk med dei rette ferdigheitene.

8.2.2 Arbeidet er fragmentert

Det er mange ulike oppdragsgjevarar. Museet, fylkeskommunen, private eigarar, handverkarar og kommunane skal alle ha sin bit av arbeidstida, og konsulenten blir dregen i alle retningar.

8.2.3 Behovet er stort

Det er meir arbeid enn det er mogleg å utføre for éin person, og det må gjerast harde prioriteringar både innanfor og utanfor museet. Som ein av bygningsvernkonsulentane seier: «*Eg kunne brukt heile arbeidstida mi i museet med bygningane der, og eg kunne brukt heile tida mi ute.*» Tida som bygningsvernkonsulenten har til rådvelde for den utåtretta delen av stillinga, er knapp (50 %).

8.2.4 Ressursane er små

Små ressursar gjer at kostnadene må haldast nede. Konsulentane oppgir at dei kunne ha gjort mykje meir, men at det då trengst fleire folk og meir ressursar. Nokre av bygningsvernkonsulentane dekkjer store geografiske område og brukar betydelege midlar på reiser.

8.2.5 Det trengst dyktige handverkarar

For å oppnå gode resultat er ein avhengig av samarbeid med dyktige handverkarar med kompetanse på istandsetjing av bygningar. "*Det kan være ein større bøyg å skaffe flinke folk enn å skaffe finansiering*», seier ein av konsulentane. «*Ideelt sett burde det vore eit team av dyktige handverkarar som kunne engasjerast og som igjen lærte opp andre slik at det vart bygt opp kompetanse i regionen*». Kanskje burde fylket ha ei oversikt over handverkarar som bygningsvernkonsulenten kan støtte seg på og som kan restaurering.

8.2.6 Fagmiljø

For at bygningsvernkonsulentane skal kunne utføre oppgåvene sine best mogleg, er det naudsynt at dei har eit fagleg nettverk kring seg. Det trengst både kontakt med dei andre bygningsvernkonsulentane, med Hordaland fylkeskommune og kontakt med fagmiljø internt i museet. Museum Vest hadde ei prøveordning der bygningsvernkonsulenten var plassert i Strusshamn rett under direktøren, utan noko fagmiljø; det var ingen handverkarar og ingen andre som arbeidde med bygningsvern. *Det ville truleg vore betre om stillinga hadde vore plassert ved Kystmuseet der det er handverkarar og bygningsssamling*, seier museet i dag. Det må også leggjast til at i dei tre åra prøveordninga varte, var det ingen møtepunkt med dei andre bygningsvernkonsulentane.

8.2.7 Tidsperspektiv

Langsiktige interesser, slik kulturminnevern er, vil gjerne vera under press og kan tape for kortsiktige interesser i politiske diskusjonar, til dømes for ynskje om å tene pengar her og no.

8.3 Tiltak for å styrkje og harmonisere ordninga

På grunnlag av informasjonen som er framkomen gjennom intervju, samtaler, spørjeskjema og skriftlege dokument, vil NIKU føreslå følgjande tiltak for styrking og harmonisering av ordninga med tanke på størst mogeleg samfunnsnytte:

8.3.1 Ordninga utvidast til å gjelde heile fylket

Ordninga bidreg til å styrkje bygningsvernet i regionen, redusere tap av kulturminne og spreie interesse for kulturminna, og bør utvidast til å gjelde heile fylket.

8.3.2 Gjennomgang av finansiering

Tilbod som blir gjeve til brukarane, eventuelle betalingskrav, og arbeidstilhøve som til dømes dekking av reisekostnader, bør vera likt. Dersom kommunane skal bidra finansielt, er det viktig å definere klårt kva oppgåver som ligg til stillinga, jf. neste punkt. **Finansieringa bør vere den same og fordelingsnøkkelen den same for alle regionar i fylket.**

8.3.3 Gjennomgang av stillingsinstruksar

Ein bør tenkje langsiktig; bygningsvernkonsulentstillingane bør ikkje vera prosjekt-/ prøveordningar, men faste stillingar. Dei bør vera plasserte i musea som i dag, og vera knytte til bygningsvern-/ handverkarfagmiljø i musea. Kanskje kunne ein vurdere eit tverrfagleg team knytt til konsulenten; slik kunne ein dekkje fleire kompetanseområde, og konsulenten kunne få avlasting i periodar.

Oppretting av stillingar bør skje på initiativ frå fylket, ikkje frå kommunane sjølve. Stillingane bør vera frie og ikkje underlagt kommunal kontroll. Det å styrkje kulturminnearbeidet i kommunane er ei anna utfordring enn å hjelpe huseigarar. Ein bør skilje mellom rolle som sakshandsamar for kommunane og rolla som bygningsvernkonsulent.

Ansvarsområdet bør avgrensast. Bygningsvernkonsulenten kan ikkje dekkje alle behov for alle aktørar med interesse på kulturminnefeltet innafor ei og same stilling. Når det er mange partar som meiner dei skal ha eit bein inn i ordninga, blir det vanskeleg. Ein bør definere kva kjerneområdet til bygningsvernkonsulenten skal vera, og formidle dette tydeleg til kommunane, museet og fylket. Både ved utlysing av stillinga og i kommunikasjon med kommunane, må det vera ei tydeleg forståing for kva ordninga skal vera, korleis stillinga skal styrast, kva som er ansvarsområdet, kven som prioriterer saker og kva kriterier er.

Stillingsinstruksane bør ha nokre fellesnemningar og klåre rammer, men elles vera tilpassa både at musea/regionane er ulike og at dei som har stillingane, har ulik bakgrunn og er ulike som personar. Fleksibiliteten som ligg i at stillinga kan formast etter den som har ho, er ein styrke og gjer det mogleg å nyttiggjere seg dei sterkaste sidene til kvar einskild konsulent. Arkitektkompetanse kombinert med handverkarbakgrunn har synt seg å vera ideelt for stillinga.

8.3.4 Tettare involvering frå fylkeskommunen

Bygningsvernkonsulentane oppgir at dei ynskjer tettare samarbeid med og betre oppfølging frå fylkeskommunen. At fylkeskommunen er involvert er viktig fordi bygningsvernkonsulentane arbeider opp mot kulturminnevernet og kulturminnestyresmaktene på ein måte som musea elles ikkje gjer. Fylket bør ha støttefunksjonar for bygningsvernkonsulentane. Det kan til dømes vera behov for felles kurs/opplæring; her blir kurs i Askeladden nemnt.

8.3.5 Revitalisering av fagnettverket

Alle bygningsvernkonsulentane oppgir at dei ynskjer at fagnettverket for konsulentane blir revitalisert for å styrkje fagmiljøet og legge til rette for fagleg utvikling. Dei ynskjer ein arena for å møte, gjerne eit par gonger i året, for å diskutere saker i plenum, eventuelt også saman med fylket. Bygningsvern er eit felt som krev spesialkompetanse, og det er behov for tettare samarbeid med dei andre konsulentane. Innan bygningsvernet må kvar sak vurderast for seg, og for vurderingane som skal gjerast, er det ein fordel å kunne dele erfaringar frå ulike prosjekt, diskutere løysingar, og utveksle kunnskap om til dømes kvar ein kan få tak i ulike materialar.

8.3.6 Betre rutinar for saksgang

NIKU si vurdering er at fagnettverket bør brukast ikkje berre til å diskutere saker, men også til å diskutere måtar å arbeide på. På bakgrunn av erfaringane dei einskilde sit med, kan ein kome fram til standardar for korleis arbeidet skal gjerast. Til dømes saksgang for korleis kommunane blir involverte/haldne orienterte om pågåande saker, rutinar og kriterium for korleis ein skal prioritere saker, samt utarbeide dokumentmalar og skjema for dokumentasjon og søknader.

Vi vil trekkje fram ordninga som bygningsvernkonsulenten i Sunnhordland nyttar: han har etablert ein rutine der han ber alle huseigarar som vil ha hjelp, vende seg til han skriftleg via kommunen, og der han sender alle svarbrev i kopi til kommunen. Slik syter han for at kommunane i regionen er informerte om arbeidet som går føre seg innan bygningsvernet – noko som kan bidra til å styrkje ordninga, gje ho legitimitet og auka oppslutning ved at kommunane ser nytte av ordninga for egne innbyggjarar.

8.3.7 Tiltak for betre kommunikasjons- og rapporteringsrutinar

Materialet som er oversendt NIKU, vitnar om eit mangfald av rapporteringsformer og format. Dersom fylket ynskjer å synleggjere arbeidet som blir gjort på ein meir overordna måte, bør det utviklast ein enkel rapportmal som inneheld informasjon om kulturminnet som er restaurert/sett i stand (inkludert bilete av før og etter), om eigarar og handverkarar og om korleis restaureringa er finansiert. Det siste vil gjere det mogleg å etter kvart seie noko om omfanget av midlar som blir tilført bygningsvernet i fylket og dermed synleggjere den økonomiske samfunnsnytta. Informasjon om handverkarar og eigarar vil gjere det lettare å gjennomføre jamlege evalueringar av ordninga med tanke på eventuell forbetring.

9 Konklusjon

Bygningsvernkonsulentordninga svarar på eit behov. Ho er eit lågterskeltilbod for huseigarar og fungerer godt som det. Ho erstattar ikkje arbeid i kommunane eller i fylket, men er eit verdifullt tillegg. Det er derfor viktig å behalde ordninga. Samstundes trengst det fleire konsulentar: både i dei områda i Hordaland som i dag står utanfor ordninga, og i dei områda som allereie har stor etterspurnad etter tenestene som konsulentane tilbyr.

Det blir stilt høge krav til personane som arbeider som bygningsvernkonsulentar. Dei må ha:

- akademisk kompetanse innan kulturminnefeltet
- praktisk kunnskap og erfaring frå handverk og bygningsarbeid – som i nokre tilfelle kan kompensere for akademisk kompetanse
- kunnskap om lokal byggeskikk
- kjennskap til lover, føresegner og sakshandsamingsreglar
- sosial kompetanse og evne til å skape kontakt med ulike folk, noko som krev forståing for «folkesjela» i distriktet

Dei som dekkjer bygningsvernkonsulentstillingane i dag, har alle høg kompetanse og stort engasjement.

Det er uoversiktleg at pengane ikkje følgjer oppgåvene. Oppdrag blir utførte for privatpersonar og kommunar, men det er ikkje desse som finansierer ordninga. Det er heller ikkje samsvar mellom kven som finansierer ordninga og kven det blir rapportert til. I og med at det er arbeid som blir utført med offentlege midlar, bør ein kunne forvente meir systematikk i arbeidet – ei einskapleg ordning – samt likehandsaming av huseigarar i alle delar av fylket.

Det ligg i dag stor fridom i stillingane til å forme dei utifrå kva kompetanse, interesser og eigenskapar den einkilde bygningsvernkonsulenten har. Fordelen ved dette er at kan ta ut det beste av kvar einskild arbeidstakar, men ein kan truleg få like mykje ut av stillingane dersom ein standardiserte:

- prioriteringar
- kriterium for å gå inn i saker
- rutinar for korleis saker skal kome inn (til dømes via kommunen) og korleis det skal rapporterast: kven får gjenpart av brev?
- køyrereglar for kva huseigarar kan få gratis (eitt dagsverk, to dagsverk, ei veke, meir?) og når han/ho må betala ein eigenandel
- kurstilbod til handverkarar i heile fylket, ikkje berre i einkilde regionar
- standardar for dokument
- standardar for rapportering til fylket

Appendiks

Oversikt over intervju

| Intervju | Intervju gjennomført |
|-------------------------|-------------------------|
| Arild Sætre | Bergen, 16.oktober 2017 |
| Bjørn Arve Lunde | Bergen, 17.oktober 2017 |
| Anne-Lise Brask Eriksen | Bergen, 17.oktober 2017 |
| Lisa Amalie Elle | Salhus, 18.oktober 2017 |
| Gunn Nordal | Bergen, 18.oktober 2017 |

Spørsmålsliste som utgangspunkt for intervju

1. NIKU har fått i oppdrag å evaluere bygningsvernkonsulentordninga i Hordaland. Kva forventningar har du til evalueringa? Er det noko du er spesielt oppteken av at bør kome fram?
2. Kva bakgrunn har du og kor lenge har du arbeidd som bygningsvernkonsulent?
3. Kva delar av kompetansen din ser du som viktigast for arbeidet du gjer?
4. Korleis er stillinga finansiert? Kor mykje gjev fylkeskommunen i tilskott? I kva grad bidreg kommunane i regionen? Blir det kravd betaling frå brukarar av ordninga? I kor stor grad strekk finansieringa til for dei behova ordninga skal dekkje?
5. Korleis er stillinga di organisert i museet (organisasjonskart)? Kven rapporterer du til, og korleis rapporterer du?
6. Kven samarbeider du med innafor og utanfor museet? På kva måte?
7. Kvifor er bygningsvernkonsulentordninga viktig? Kva ser du som det overordna målet med arbeidet ditt?
8. Kva er det som avgjer i kva grad du lukkast (suksesskriterie)?
9. Korleis er stillingsinstruksen? Kva oppgåver har du
 - a. for museet?
 - b. for fylkeskommunen?
 - c. for kommunar (kva for kommunar)?
 - d. for private eigarar?
 - e. for andre?
10. Kva vil du anslå er den prosentvise fordelinga mellom ulike oppgåver innafor og utafor museet?

11. Kva slags og kor mange oppdrag har du hatt i perioden 2013-2017?

| | Oppgåvetype | Tal på oppdrag |
|----|--|----------------|
| a. | Rådgjeving/utgreiing for fylkeskommunen | |
| b. | Rådgjeving til kommune i plansaker | |
| c. | Rådgjeving til kommune vedr. kulturminneplan | |
| d. | Rådgjeving til kommune i byggesaker | |
| e. | Rådgjeving til eigar i byggesaker | |
| f. | Synfaring og tilstandsvurdering | |
| g. | Dokumentasjon og oppmåling | |
| h. | Hjelpe eigar i samband med søknad om økonomisk tilskott | |
| i. | Oppfølging av vedlikehald /istandsetting /restaureringsarbeid innafor museet | |
| j. | Oppfølging av vedlikehald /istandsetting /restaureringsarbeid utanfor museet | |
| k. | Rådgjeving til handverkarar | |
| l. | Opplæring og kurs | |
| m. | Formidling, skriftleg eller munnleg | |
| n. | Utstilling, skilting, tilrettelegging | |
| o. | Rekonstruksjon, nybygg eller ombygging | |
| p. | Arbeid med bygningsdelsbank eller -magasin | |
| q. | Arkiv | |
| r. | Anna? | |

12. Kva resultat frå dei siste fem åra er du sjølv mest nøgd med?
13. Kva trur du andre er mest nøgde med (museet, fylkeskommunen, kommunane, huseigarar)?
14. Var det noko som ikkje gjekk slik du ønskte?
15. Korleis opplever du arbeidssituasjonen din? Kva fungerer best? Kva er mest utfordrande? (rammer, oppgåver, faglege utfordringar, samarbeid, kommunikasjon, instruksar, rutinar, rapportering, m.m.)
16. Korleis trur du arbeidssituasjonen din skil seg frå den til dei andre bygningsvernkonsulentane, på godt og vondt? Er det noko som særmerkjer regionen din og som ikkje gjeld for dei andre?
17. Har du framlegg til tiltak som kunne gjere bygningsvernkonsulentordninga betre? Dersom alt var mogleg, korleis skulle tenesta helst vore?
18. Er det nokon av desse tiltaka som kan la seg gjere innafør dagens rammer/ med mindre justeringar av dagens rammer? Korleis kunne ein eventuelt endre rammene?
19. Har du framlegg til korleis ordninga kan harmoniserast /standardiserast eller effektiviserast for at ho skal fungere best mogleg og gje størst mogleg samfunnsnytte?
20. Får du førespurnader frå folk utanfor din eigen region, til dømes frå kommunane som har vald å stå utanfor ordninga? Kva tenkjer du om dette? Kva er argumenta for at kommunane burde vere med i ordninga? Kan det finnast argument for å stå utanfor?

Norsk institutt for kulturminneforskning er eit uavhengig forskings- og kompetansmiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminne.

Instituttet driv forskning og oppdragsverksemd for offentleg forvaltning og private aktørar på felt som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre tilsette er konservatorar, arkeologar, arkitektar, ingeniørar, geografar, etnologar, samfunnsvitarar, kunsthistorikarar, forskarar og rådgjevarar med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminne.

www.niku.no

NIKU Oppdragsrapport 221/2018

NIKU hovudkontor
Storgata 2
Postboks 736 Sentrum
0105 OSLO
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tønsberg
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Bergen
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112 Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Trondheim
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Framsenteret
Hjalmar Johansens gt.
14
9296 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00